


Besøktal år for år - betydeleg nedgang for www.il-trio.no


2007 var eit gullår, takka vera ein strålende sesong for A-laget med avdelingssiger i 3.divisjon, playoff om opprykk til 2.divisjon og besøk av Brann i cupen. Møtet med Brann gav ein «uslåeleg» besøksrekord med 1800 treff på ein dag! Etter dette har sida hatt stabilt besøk på mellom 106.000 til 120.000 besøk pr år, noko som i snitt pr måned er ca 10.000, og pr dag ca 330 unike besøk. **Men dei tre siste åra har det vore ein betydeleg nedgang, på over 30 % etter kraftig fall i inneverande år.** Den månadvise svingninga følgjer stort sett fotballsesongen. Den raude kurva på figuren viser årssnittet, som seier mest om trender.



Nyhende år for år – også nedgang

Også her var 2007 spesielt, men elles har antal nyhende lenge vore rimeleg stabilt med i overkant av 400 saker pr år, noko som altså er godt i overkant av ei nyhende pr dag i snitt. I inneverande år om lag 350 nyhende, noko som er ein reduksjon på vel 20 % frå åra før.

Dei siste to åra har vi også brukt ei støtteside på Facebook til å linke når det vert lagt ut nyhende på nettsida. Facebooksida brukast også til ein god del liveoppdatering under kampar. Under Norway Cup var det formidabel interesse for dette. Over 600 menneskje følgjer Facebooksida pr i dag.



Det er positivt at lag nyttar eigne lukka Facebooksider til intern informasjon til spelarar og føresette, men **derimot ei uheldig trend** at lag og grupper opprettar eigne opne sider på Facebook i staden for å bruke den felles og offisielle kanalen. Dette burde hovudstyret gripe tak i, då det reduserer fellesskapskjensla, samstundes som kvar ein når ut til langt færre. Eit døme er Trio sitt A-lag, som vel å bruke ei eiga side, med vel 250 følgjarar – i staden for å bruke Trio si Facebookside, som altså har over 600. Nyleg har også Trio Volleyball oppretta si eiga opne Facebookside i staden for å bruke eksisterande kanalar.